

# Dei som bygde breibandet

■ Kriser utløyste satsinga ■ Grunnleggjande infrastruktur



FIBER: Dei fleste grender i regionen har no fått breiband etter ei omfattande utbygging.

## Fakta:

### Vestlandsforskning

Stifting etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 1985.

- Eitt av dei elleve regionale, samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutta i Noreg
- Hentar 85-90 prosent av inntektene frå forskingsoppdrag.
- Har både regionale, nasjonale og internasjonale forskingssamarbeid
- 25 tilsette
- Hovudområde: klima, miljø, energi, IKT, reiseliv og regional utvikling
- I samband med 30-årsjubileet til Vestlandsforskning, trykker Sogn Avis ein artikkelserie om utvalde forskings- og utviklingsprosjekt.

**SOGDAL:** Breiband er heilt grunnleggjande. Det er infrastruktur, slik som straum og vatn. Alt snakket om å kome heimatt og flytte hit er ikkje mykje verd dersom folk ikkje kan vera tilkopla internett, seier Ivar Petter Grøtte, forskingsleiar for IKT ved Vestlandsforskning.

IT-forum Sogn og Fjordane har tenkt tankane som gjer at fjordfylket i stor grad har kunna halde følge med breibandutbygging andre stader.

Du hugsar kanskje modemet, den kvite boksen som ulte og peip kvar gong du ville kople deg til nettet? Telefonrekninga som vaks for kvart minutt du surfa på nettet? Det var før breibandet. Den gongen dei bygde landet, var det staten som rulla ut telefonlinjer over det steinute landet. Til slutt hadde folk på kvart avsidnes fått telefon i sin eigen yttergang. Mykje seinare, då internett kom inn i liva våre, var det desse koparlinjene vi kopla oss opp med. Men då fleire kopla seg opp og stadig meir skulle utførast på nettet, kom behovet for meir plass enn linjene kunne gje. Og det er her den lite kjende historia om breibandutbygginga i Sogn og Fjordane startar. For i denne tida er statsmonopolet oppheva og hovudstrategien til staten er at utbygging av breiband skjer på kommersielt grunnlag. Historia

## Fakta:

### Verskemder i vekst

Satsinga på breibandutbygging i fylket har bidrege til ein framvekst av fleire nye breibandverskemder, som Eninvest, Soggenett og Årdalsnett. Desse utbyggingselskapa har vore viktig for utviklinga og for konkurransen med Telenor. Dei siste 2-3 åra har talet på tilsette i dei lokale breibandverskemdene auka kraftig. Dette er arbeidsplassar med gode framtidssjansar, og dersom utbyggingstakta held fram, blir det endå fleire.

## Fakta:

### Dette er IT-forum Sogn og Fjordane:

- Eit breitt samarbeid og spleiselag i Sogn og Fjordane med offentlege og private verskemder og forskings- og utdanningsinstitusjonar. IT-forum har 20-årsjubileum i 2015.
- Skal sikre at fylket er i fremste rekke i å utnytte IKT innan næringsliv, offentlig sektor, opplæring og utdanning. Utfører eit omfattande arbeid med å starte opp, samordne og sikre viktige utviklingsaktivitetar til nytte for fylket.
- Satsar i 2015 særleg på breibandutbygging og velferdsteknologi i kommunane.

## Fleire bygder står for tur

**SOGDAL:** – Å mangle breiband kan bety at ungene ikkje får levert leksene sine via nettet, eller at du ikkje kan delta i politisk arbeid fordi du ikkje får lasta ned og lese sakspapira dine, seier Olav Skarsbø i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Skarsbø har ei halv stilling i fylkeskommunen for å koordinere breibandutbygginga i Sogn og Fjordane. Sjølv om nesten alle i Sogn og elles i fylket no har tilgang til internett heime, har folk svært ulik hastigheit. Med låg hastigheit er det avgrensa kva ein får gjort på nettet. I september i fjor hadde 55 prosent av fylket sine husstandar tilbod om breiband med ein hastigheit på meir enn 25 megabit per sekund, som blir rekna som ei god bandbreidde.

Raskare breiband er no undervegs i 23 bygder i heile fylket med utbyggingsmidlane frå 2014. Områda i Sogn som fekk tildelt støtte i fjor haust var Fjordane i Balestrand, Feios, Hamre-Hella i Leikanger, Sogndalsdalen, Skjolden, Underdal, Lærdalsdalen og Vikadalen i Årdal. I mai i år sende fylkeskommunen nok ein søknad til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) om statstilskot til utbygging av andre

## Viktig for eldre og næringslivet

**SOGDAL:** Framtidas eldre og bedrifter i distrikta er blant dei som verkeleg vil ha stor nytte av breibandtilgang, meiner fylkesdirektør for næring, Jan Heggheim, som no er leiar for Nasjonalt breibandråd.

– Breiband er viktigare enn folk flest anar. Ser vi tilbake til år 2000, var ikkje veksten i behovet så stor, men no har vi fått to bølger: Den første er filmstrøyming i heimen, og den neste bølga som er på full fart inn, er næringslivet sin bruk av skytenester, seier Heggheim, og viser til at bedrifter kan spare store summer på å leige lagerplass på nettet i staden for å bruke serverar som krev mykje tilsyn.

– Berre rundt tre av fire bedrifter i fylket har den bandbreidda dei treng i dag. Vi har med andre ord ein god del bedrifter som kjem til å slite i åra som kjem, seier Heggheim.

Eit anna viktig samfunnsområde der breiband i kvar krok av kommunane blir nødvendig, er pleie og omsorg, der velferds-

om korleis alle utkantane i eit fylke av utkantane fekk breiband er altså ikkje ein teknologisk parentes, men historia om eit samfunnsprosjekt der målet er at alle her i landet kan bruke den digitale allmenningen som løysar stadig fleire behov i kveldagen vår og som vi er hjvdpelaust utan.

## Å gå i takt

– Som ofte elles, var det ei krise som utløyste innsatsen for breiband, fortel Ivar Petter Grøtte. I 2002 låg fylket med alle fjordane og fjella fjerde sist i landet på breibanddekning. Dåverande næringsminister Lars Sponheim hadde oppretta eit eige program, Høykom, for å bidra til utbygging i slike område. Nokre kommunar i Sogn og Fjordane heiv seg rundt for å søkje.

– Men i dei første tildelingane kom fylket dårleg ut. Det var enkeltkommunar som søkte, og dei fekk ikkje noko særleg gjennomslag, seier Grøtte.

Tolv år og mange breiband-mil seinare, møtest toppar frå offentleg og privat sektor til IT-forumkonferansen 2014 i Førde. Latteren sit laust. Det same fylket har fått tidens største uttelling i den nasjonale konkurransen om midlar til breibandutbygging: 25 prosent av den nasjonale potten eller 39 millionar kroner. IT-folka smiler også over at ulikskapen stadig blir jamna ut. Neste generasjon breiband, basert på fiber, er på veg inn i husvegane fylket over.

Grøtte summerer opp hovuderfaringane frå det siste tiåret: – Når ein samarbeider, greier ein å få gjennomslag. Ein greier å lage miljø som til saman har nok erfaringar og kunnskap. Då kan ein ta tak i eit stort problem.

**Visjonære val**  
Det breie, strategiske samarbeidet om å sikre fylket sin posisjon innan IKT har vore der sidan 1995 gjennom IT-forum Sogn og Fjordane. Då breiband vart ei viktig sak, oppretta IT-forum eit eige breibandforum på bakgrunn

av ei utgreiing frå Vestlandsforskning. Forumet vart stifta på Skei i 2001 då høyskulelektor Jan Olav Fretland var leiar av IT-forum. Tre nøkkelpersonar i dei første åra var Jan Øhlckers i fylkeskommunen, som seinare blei fylkesrådmann, og forskarane Ivar Petter Grøtte og Geir Liavåg Strand ved Vestlandsforskning. For å bote på dei første problema med å slå gjennom i Høykom-programmet, valde dei no å ta med seg alle kommunane i ein felles søknad.

– Då vart det ikkje alles kamp mot alle, seier Grøtte. Oppgåva med å samordne kommunane fall på Jan Øhlckers.

– Vi skaffa nokre hundre millionar i løpet av 4-5 år. Ivar Petter skreiv søknader, Geir heldt kontroll på detaljane og eg jobba med å få kommunane til å gå i takt, fortel Jan Øhlckers. Ein viktig alliert var tidlegare fylkesmann Oddvar Flæte som sat i styret for Høykom. Flæte melde seg alltid inn i fylket sine søknader skulle handsamast, men kunne gje gode råd.

## Første tildeling

I 2003 fekk fylket den første store tildelinga av midlar til utbygging.

– Etter det har det alltid vore samarbeid. Alle såg at ein fekk til betre prosjekt slik, seier Grøtte. Elles i landet var det få slike samla grep på fylkesnivå – dei fleste samarbeida føregjekk i regionar innanfor fylkesgrensene.

Eit anna strategisk val teke av breibandforum var å satsa på ei rimeleg ADSL-løysing i første runde slik at flest mogleg skulle få breiband.

– Sett i ettertid trur eg at strategien med fattigmannsbreiband var visjonær, seier Jan Øhlckers. Han hugsar at mange ikkje såg kva ein skulle med breiband – dei meinte det var eit forbigående fenomen. – Ein ting var at breiband skulle binde saman kommunane og slikt, men at det til dømes skulle bli ein føresetnad for å skaffe statlege arbeidsplassar til fylket, det var det ikkje alle

som såg den gongen, seier han.

## Viktige millionar

Utover 2000-talet vart breiband gradvis ei av dei store sakene i IT-forum. Det skjedd nye ting på finansieringssida og. Høykom-tida var slutt; no skulle statlege midlar til breibandutbygging fordelast på fylka etter ein viss formel. Sogn og Fjordane fylkeskommune lyste ut fylkespotten til kommunane; Breibandforum prioriterte mellom dei som søkte. Til slutt gjorde fylkespolitikarane vedtak om kva prosjekt som skulle veljast.

I kullissane fremja IT-forum og argumenta sine overfor Stortinget. I 2004 var ein delegasjon til dømes i Oslo for å be det offentlege ta eit større ansvar for breibandutbygging i distrikta. Statsrådene Heidi Grande Røys og Liv Signe Navarsete, som forstod kva som stod på spel for fylket, sytte same året for eit viktig grep. No vart ein viss del av DAA-midlane, som skulle kompensere for at distrikta ikkje lenger hadde differensiert arbeidsgjevaravgift, sett av til breiband. Her i fylket gav det i underkant av 10 millionar kroner per år, som eitt år rakk til breiband for 30 bygdelag i 16 kommunar. Fylkespolitisk kreativitet gjorde dessutan at fylkestinget sette av ein «breibandmillion» i 2003 og 2004. Igjen vart det synleg kor mykje ein kunne få til ved at alle drog i same retning.

## Kompetanse

Vestlandsforskning har sidan starten hatt sekretariatet i IT-forum, og Ivar Petter Grøtte har vore ein sentral person som har koordinert aktivitetene.

– Det er fleire som skal ha æra for breibandutbygginga i fylket, men Vestlandsforskning har nok spelt ei sentral rolle når det gjeld strategitvilling og organisering – mellom anna ved å samordne kommunane og vere ein pådrivar for å få fram gode prosjekt og søknader, seier Merete Lunde, direktør i Vestlandsforskning. – Breiband er viktig for dei som skal bu i Sogn og Fjordane i framtida. Det er ikkje mogeleg å delta i eit moderne samfunn utan skikkeleg nettilgang. Gjennom vår rolle i IT-samarbeidet i fylket skal Vestlandsforskning bidra til å halde oppe trykket i utbygginga, seier Lunde.

Idun A. Husabø,  
Vestlandsforskning  
redaksjon@sognavis.no

